

Langtidsplan for digitalformidling 2023–2028

Vedteke 2.12.2022

Visjon:

**Nynorsk for hovud og
hjarte til heile landet**

Hovudmål:

*Tilbodet på arenaene, på turné og digitalt er godt tilpassa målgruppene
Me deltek i strategiske samarbeid med nasjonale og regionale aktørar for
å styrkje nynorsk skriftkultur*

Suksesskriterium:

Tal: Lesar- og publikasjonstal på nynorsk i Store norske leksikon.

*Handling: Nettsidene og sosiale medium-kanalar blir evaluert kvart 2. år for å nå
målgrupper og interessentar*

Verdiar:

**Samlande
Kreativ
Påliteleg**

Samfunnsoppdrag:

**Me aukar kunnskapen
og medvitet om nynorsk
skriftkultur**

A Gjennomgang av prioriterte mål

Mål og suksesskriterium i strategi

Relevante mål og suksesskriterium står på framsida av dette dokumentet. Her er dei presisert og konkretisert som grunnlag for vidare oppfølging i denne strategien. Ein del mål og suksesskriterium er dekkja av fleire planar og strategiar.

Mål og suksesskriterium i strategi	Tilbodet digitalt, på arena og turne er godt tilpassa målgruppene	Nettsidene og sosiale medium-kanalar blir evaluert kvart 2. år for å nå målgrupper og interessantar
Presisering og konkretisering	Me må vite meir om kva målgruppene ønskjer av tilbod og av tilboda våre.	Dette vert dekkja av og omtalt detaljert i kommunikasjonsstrategien.
Prioritert tiltak	Gjennomføre publikumsundersøking	

Mål og suksesskriterium i strategi	Strategiske samarbeid med nasjonale og regionale aktørar for å styrke nynorsk skriftkultur	Lesar- og publikasjonstal på nynorsk i Store norske leksikon.
Presisering og konkretisering	Dei mest sentrale samarbeida er Store norske leksikon, Digitalt museum og Lesedigg.	NK driv aktiv peiking til SNL frå sosiale medium og eigne sider, og arbeider for at SNL skal prioritere mest lesne artiklar først ved omsetjing av innhald.
Prioritert tiltak	Følgje opp samarbeidsavtalen med Store norske leksikon Sørge for at nynorsk kulturhistorie og nynorsk språk er synleg i Digitalt museum Vurdere vidareføring av Lesedigg	Årleg for å synleggjere SNL i våre digitale tenester.

Eksterne krav og signal

Denne gjennomgangen er for å sikre at andre krav og signal enn dei prioriterte mål og suksesskriteria blir følgd opp.

Eksterne krav og signal	Museumsmeldinga/ tilskotsbrev	Likestillings- og diskrimineringslova
Krav	KUD stiller krav om at musea skal vere digitalt tilgjengelege med samlingar, faginnhald og anna.	Nettsider og digitale tenester skal vere universelt utforma.
Signal	Dialog, deltaking og digitale arrangement har vore høgare prioritert dei siste åra.	
Peikar til relevante dokument	Meld. St. 23 (2020–2021) Musea i samfunnet	
Prioritert tiltak	Utvikle og følgje opp denne strategien for digital formidling	Universell utforming av nettstad (rutinar), sjå kommunikasjonsstrategi

Berekraftig drift av organisasjonen

Denne vurderinga vert gjort for å følgje opp det strategiske målet om å vurdere konsekvensar for klima/miljø, universell utforming, personell og økonomi i alle saker.

Berekraftig drift av organisasjonen	Klima og miljø	Universell utforming	Tid, kompetanse og arbeid	Økonomi
Utfordring	Kulturaktivitet inneber reising, og digitale tilbod kan vere eit supplement som reduserer reising.	Utfordringar med fatigue, rørsle eller anna kan gjere det vanskeleg for mange å delta på kulturarrangement til vanleg.	Det manglar systematiske verktøy for å følgje opp målsetnadene for publisering i sosiale medium.	Det er behov for å vurdere innkjøp og system kvart år av di IT-system og formidling endrar seg ofte.
Prioritert tiltak	Tilby eit visst tal digitale arrangement (lyd eller video) kvart år	Tilby eit visst tal digitale arrangement (lyd eller video) kvart år. Få på plass app for formidling til nokre funksjonsnedsette (td. høyrse, syn) ved utstillingane.	Lage kvartalsvise publiseringsplanar	Setje av midlar til eventuelle nye tenester/ produkt.

B Status og tiltak for fagområde

B-1 Fagstoff på egne nettsider

Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur, har samla det faglege innhaldet for vaksne og eldre barn/ ungdomar på nynorsk.no. Dette inkluderer biografisk informasjon, tekstar om språket og litteraturen på nynorsk, historiske målpolitiske tekstar, ulike litterære tekstar frå fortid og samtid og nokre digitale utstillingar. Barneformidlinga for 7-åringen er samla på lurivar.no.

	Kulturstorbrukaren	Nynorsk-7-åringen	Nynorsk-16-åringen
Oppdrag	Me skal skape unike opplevingar for kulturstorbrukaren ved å skape format og innhald dei ikkje opplever andre stader	Me skal gjere nynorsk-7-åringen stolte av og trygge på nynorsk språk gjennom å skape gode og varierte opplevingar på nynorsk	Me skal støtte nynorsk-16-åringane til å verte stolte av og interesserte i nynorsk språk og litteratur gjennom å ta interessene og kvardagen deira på alvor.
Status	Nynorsk.no med tilhøyrande sosiale medium-kontoar er hovudkanal for å formidle unikt kultur- og kunnskapsinnhald til målgruppa.	Lurivar.no er hovudkanal på nett for å leggje til rette for at 7-åringen vert stolt av og trygg på nynorsk gjennom varierte opplevingar.	NK har relevant innhald på nynorsk.no for skulebruk for målgruppa.
Utfordring	Ein del innhald er ikkje publisert og oppdatert.	Innhaldet treng å verte meir tilpassa målgruppa.	Innhaldet er lite tilpassa målgruppa.
Prioritert tiltak	Innhald frå allkunne.no, allmenning.no, språkfakta blir sortert og prioritert for oppdatering og publisering. Publisere nye og oppdatere noverande nettutstillingar slik at dei når målgruppene.	Det blir utarbeidd ein årleg handlingsplan for oppdatering og oppgradering av Lurivar-innhaldet for å nå målgruppene. Innhaldet på Lurivar betre tilpassa 7-åringen i samarbeid med andre.	Oppdatere og fornye presentasjonen av nynorsk statistikk, historie og språk med vekt på kva 16-åringen lurar på.

	Medverknad og samskaping	Kunnskapsgrunnlag	Samarbeid
Status	Det har vore arbeid med medverknad på nettutstillinga om ungt språkengasjement.	Store delar av vår dokumentasjon, våre samlingar og forskning er tilgjengeleg digitalt.	Det er etablert samarbeid med SNL og for samling, men ikkje godt nok for dei yngste.
Utfordring	Det er behov for meir kjennskap til 16-åringane og kva dei ønskjer for oppdatering av grunninformasjonen.	Kunnskapen me forvaltar må verte formidla til målgruppene.	Det er behov for meir aktivt samarbeid med aktørar som kjenner 7-åringen godt.
Prioritert tiltak	Samarbeide med ein hovud- og ein sidemålsklasse om fornying av presentasjon til 16-åringane og eventuelle nettutstillingar.	Samarbeid mellom digitalformidlar og forskning og samling om kunnskaps- og utstillingsinnhald på nett.	Nynorsksenteret og LNK kan vere samarbeidspart om innhald til Lurivar og denne målgruppa.

B-2 Formidling og dialog i sosiale medium

	Kulturstorbrukaren	Nynorsk-7-åringen	Nynorsk-16-åringen
Oppdrag	Me skal skape unike opplevingar for kulturstorbrukaren ved å skape format og innhald dei ikkje opplever andre stader	Me skal gjere nynorsk-7-åringen stolte av og trygge på nynorsk språk gjennom å skape gode og varierte opplevingar på nynorsk	Me skal støtte nynorsk-16-åringane til å verte stolte av og interesserte i nynorsk språk og litteratur gjennom å ta interessene og kvardagen deira på alvor.
Status	Me har testa ut podkast- og youtube-format.	Ikkje prioritert gruppe for sosiale medium.	Utanom SNL når me i liten grad denne målgruppa digitalt.
Utfordring	Me manglar utstyr for video- og lydinnhald.	Me skal nå lærarar og foreldre med innhaldet me har for ungar.	Me veit for lite om 16-åringen og deira interesser og behov.
Prioritert tiltak	Etablere video- og lydutstyr ved arenaene for å kunne produsere anna innhald. Lage kvartalsvis publiseringsplan.	Informere skular årleg om tilbodet me har på Lurivar.no	Vurdere og finne relevant kanal og formidlingsform for 16-åringen

	Medverknad og samskaping	Kunnskapsgrunnlag	Samarbeid
Status	Lite medverknad og samskaping i sosiale medium	Me har konservatorar og andre som sit på viktig kunnskap som kan nå målgruppene.	Har få etablerte samarbeid på sosiale medium.
Utfordring	Treng å vite kva målgruppene vil ha.	Me systematiserer ikkje formidling av dette.	Me når i for liten grad 16-åringen.
Prioritert tiltak	Teste ut på målgruppene	Samarbeid med forskning og samling om å lage lyd- og videoinnhald om forskinga og samlinga vår.	Vurdere samarbeidspartnarar for å nå nynorsk-16-åringen

B-3 Fagstoff i samarbeid med andre

Dei tre etablerte samarbeida er Digitalt museum, Store norske leksikon og Lesediggi.

	Kulturstorbrukaren	Nynorsk-7-åringen	Nynorsk-16-åringen
Oppdrag	Me skal skape unike opplevingar for kulturstorbrukaren ved å skape format og innhald dei ikkje opplever andre stader	Me skal gjere nynorsk-7-åringen stolte av og trygge på nynorsk språk gjennom å skape gode og varierte opplevingar på nynorsk	Me skal støtte nynorsk-16-åringane til å verte stolte av og interesserte i nynorsk språk og litteratur gjennom å ta interessene og kvardagen deira på alvor.
Status	Større delar av samlingane våre, som inneheld heilt unike historier og perspektiv, er på veg ut i Digitalt museum.	Lesediggi er eit samarbeid mellom Vestland fylkeskommune, Nynorsk kultursentrum, Framtida Junior og Nynorsksenteret, og er for tida finansiert med støtte frå eksterne.	Lesartala i SNL syner at det er skulerelatert innhald som er mest lese.
Utfordring	Innhaldet når i liten grad eit allment publikum.	Lesediggi må verte kjend blant skular, slik at målgruppa når denne.	Meir av det mest lesne innhaldet i SNL må omsetjast til nynorsk.
Prioritert tiltak	Lage kvartalsvis publiseringsplan for å dele frå Digitalt museum og SNL i våre sosiale medium.	Lesediggi inngår som del av digitale tilbod ved DKS-produksjonar og anna for 7-åringane.	Prioritere omsetjing av dei mest lesne artiklane i SNL først.

--	--	--	--

	Medverknad og samskaping	Kunnskapsgrunnlag	Samarbeid
Status	Me har ikkje systematisk arbeid med medverknad og samskaping i samarbeidsprosjekta i dag, men Lesedigg og SNL har vorte testa på målgrupper.	Mange samarbeidspartar har lite medvit og kunnskap om nynorsk skriftkultur. NK deltek i strategiske samarbeid for å styrkje dette.	NK har tre faste digitale samarbeid: Digitalt museum, Store norske leksikon og Lesedigg.
Utfordring	Me treng hjelp til å gjere særleg fotosamlingane våre meir tilgjengelege for folk i Digitalt museum	Det manglar nynorsk-perspektiv i delar av innhaldet til Store norske leksikon.	Ta vare på og få meir ut av samarbeida me deltek i per no.
Prioritert tiltak	Invitere aktuelle grupper til namning og frivillig arbeid med fotosamlingane og andre delar av Digitalt museum.	NK utarbeider oversyn over kvar det manglar nynorsk-perspektiv i SNL-artiklar.	NK følgjer systematisk opp samarbeida med SNL, Digitalt museum og Lesedigg

B-4 Digitale verkemiddel på arenaer og turné

Nynorsk kultursentrum nyttar digitale verkemiddel i utstillingar og har somme digitale og strøyma arrangement.

Vandreutstillingar og turné

	Kulturstorbrukaren	Nynorsk-7-åringen	Nynorsk-16-åringen
Oppdrag	Me skal skape unike opplevingar for kulturstorbrukaren ved å skape format og innhald dei ikkje opplever andre stader	Me skal gjere nynorsk-7-åringen stolte av og trygge på nynorsk språk gjennom å skape gode og varierte opplevingar på nynorsk	Me skal støtte nynorsk-16-åringane til å verte stolte av og interesserte i nynorsk språk og litteratur gjennom å ta interessene og kvardagen deira på alvor.
Status	Me har, etter at koronarestriksjonane vart mildare, hatt lite digitale arrangement.	NK er til stades i skulen gjennom ulike opplegg, særleg DKS.	Vandreutstillingar og turnear dekkjer også denne målgruppa.
Utfordring	Skape digitale arrangement som gjer at publikum som elles ikkje får tilgang til arrangementa får tilbod. Det er same utøvarar og innhald som fysiske arrangement, men kan like gjerne vere eigne produksjonar som opptak.	Gjere enkle og gode før- og etterarbeidsopplegg tilgjengelege for skulane.	Det er lite digitalt tilbod direkte mot denne målgruppa på nettsidene.
Prioritert tiltak	1-3 arrangement i året tilgjengeleg som lyd eller video	Digitalt materiell for før- og etterarbeid til DKS er tilgjengeleg for skulane.	Digitalt materiell relatert til vandreutstillingar og DKS tilgjengeleg for vidaregåande skule i samarbeid med Nynorsksenteret og andre

Haugesenteret og Poesifestivalen

	Kulturstorbrukaren	Nynorsk-7-åringen	Nynorsk-16-åringen
Oppdrag	Me skal skape unike opplevingar for kulturstorbrukaren ved å skape format og innhald dei ikkje opplever andre stader	Me skal gjere nynorsk-7-åringen stolte av og trygge på nynorsk språk gjennom å skape gode og varierte opplevingar på nynorsk	Me skal støtte nynorsk-16-åringane til å verte stolte av og interesserte i nynorsk språk og litteratur gjennom å ta interessene og kvardagen deira på alvor.
Status	Me har, etter at koronarestriksjonane vart mildare, hatt lite digitale arrangement.	Det er få særlege digitale opplevingar mot denne målgruppa.	Utstillinga har nokre lyd- og videoelement og har fordjupingsstasjonar.
Utfordring	Skape digitale arrangement som gjer at publikum som elles ikkje får tilgang til arrangementa får tilbod. Det er same utøvarar og innhald som fysiske arrangement, men kan like gjerne vere eigne produksjonar som opptak.	Det er behov for å knyte saman Lurivar-identiteten og behovet for gode digitale tilbod i utstillinga.	Fordjupingsstasjonane er lite brukte og krev mykje arbeid å oppdatere og vedlikehalde. Det er behov for nytt digitalt innhald over tid.
Prioritert tiltak	1-3 arrangement i året tilgjengeleg som lyd eller video	Felles digital-Lurivar-oppleving blir utarbeidd for alle arenaer	Erstatte og oppdatere dagens digitale stasjonar med nye digitale verktøy ved fornying av utstilling

Vinjesenteret og Litteraturdagane

	Kulturstorbrukaren	Nynorsk-7-åringen	Nynorsk-16-åringen
Oppdrag	Me skal skape unike opplevingar for kulturstorbrukaren ved å skape format og innhald dei ikkje opplever andre stader	Me skal gjere nynorsk-7-åringen stolte av og trygge på nynorsk språk gjennom å skape gode og varierte opplevingar på nynorsk	Me skal støtte nynorsk-16-åringane til å verte stolte av og interesserte i nynorsk språk og litteratur gjennom å ta interessene og kvardagen deira på alvor.
Status	Me har, etter at koronarestriksjonane vart mildare, hatt lite digitale arrangement.	Det er få særlege digitale opplevingar mot denne målgruppa.	Medieskogen om kjeldekritikk er særleg utvikla for eit lenger digitalt skuleopplegg for denne målgruppa.
Utfordring	Skape digitale arrangement som gjer at publikum som elles ikkje får tilgang til arrangementa får tilbod. Det er same utøvarar og innhald som fysiske arrangement, men kan like gjerne vere eigne produksjonar som opptak.	Det er behov for å knyte saman Lurivar-identiteten og behovet for gode digitale tilbod i utstillinga.	Medieskogen treng å fungere noko betre for målgruppa.
Prioritert tiltak	1-3 arrangement i året tilgjengeleg som lyd eller video	Felles digital-Lurivar-oppleving blir utarbeidd for alle arenaer	Oppdatere Medieskogen

Aasantunet og Festspela

	Kulturstorbrukaren	Nynorsk-7-åringen	Nynorsk-16-åringen
Oppdrag	Me skal skape unike opplevingar for kulturstorbrukaren ved å skape format og innhald dei ikkje opplever andre stader	Me skal gjere nynorsk-7-åringen stolte av og trygge på nynorsk språk gjennom å skape gode og varierte opplevingar på nynorsk	Me skal støtte nynorsk-16-åringane til å verte stolte av og interesserte i nynorsk språk og litteratur gjennom å ta interessene og kvardagen deira på alvor.
Status	Me har, etter at koronarestriksjonane vart mildare, hatt lite digitale arrangement.	Det er få særlege digitale opplevingar mot denne målgruppa.	Det er nokre digitale stasjonar i utstillinga mot denne målgruppa eller mot vaksne.
Utfordring	Skape digitale arrangement som gjer at publikum som elles ikkje får tilgang til arrangementa får tilbod. Det er same utøvarar og innhald som fysiske arrangement, men kan like gjerne vere eigne produksjonar som opptak.	Det er behov for å knyte saman Lurivar-identiteten og behovet for gode digitale tilbod i utstillinga.	Mange digitale installasjonar frå tidleg 2000- eller 2010-tal er no utdaterte og fungerer ikkje.
Prioritert tiltak	1-3 arrangement i året tilgjengeleg som lyd eller video	Felles digital-Lurivar-oppleving blir utarbeidd for alle arenaer	Erstatte dagens digitale stasjonar med nye digitale verkøy ved fornying av utstilling. Det bør vere i første steg i fornying. Gjennomgang av det som fungerer og ikkje fungerer, og oppdatere, endre eller fjerne innhaldet. Vurdere å utvikle ein enklare og billigare utgåve av dialektspelet.

C Tiltaksliste basert på måla

Årlege tiltak

Tiltaka er i prioritert rekkefølge, og blir konkretisert og prioritert i den årlege handlingsplanen. Dei første tiltaka blir prioritert først når ein skal prioritere mellom tiltaka.

Nr	Tema	Mål/ tiltak	Ansvar
1	Utvikling	Gjennomføre digital publikumsundersøking for nettsider og eventuelt andre digitale tenester	Kommunikasjon og digital formidling
2	Utvikling	Setje av midlar til eventuelle nye digitale tenester/ produkt i budsjettet.	Kommunikasjon og digital formidling
3	Publisering	Lage og følgje opp publiseringsplanar for kvartal og år som inneheld innhald for sosiale medium, nettsider, innhald frå samling og forskning, SNL-innhald, Digitalt museums-innhald, barneinnhald mv.	Kommunikasjon og digital formidling
4	Publisering	Det blir utarbeidd ein årleg handlingsplan for oppdatering og oppgradering av Lurivar.no for å nå målgruppene.	Turne og vandreutstilling
5	Utvikling	Sørge for at nynorsk kulturhistorie og nynorsk språk er synleg i Digitalt museum, gjennom publisering og deltaking i nettverk	Forsking og samling
6	SNL	Følgje opp samarbeidsavtalen med Store norske leksikon	Forsking og samling
7	SNL	Prioritere omsetjing av dei mest lesne artiklane i SNL først.	Forsking og samling
8	SNL	NK utarbeider oversyn over kva som manglar av viktige artiklar knytt til nynorsk kulturhistorie og kvar det manglar nynorsk-perspektiv i SNL-artiklar.	Forsking og samling

9	Kunnskaps-formidling	Samarbeid mellom digitalformidlar og forskning og samling om kunnskaps- og utstillingsinnhald på nett, inkludert formidling av aktuelt forskings og samlingsarbeid, gjennom t.d. video eller lyd	Kommunikasjon og digital formidling
10	Kunnskaps-formidling	Publisere nye og oppdaterte noverande nettutstillingar slik at dei når målgruppene	Kommunikasjon og digital formidling
11	Kunnskaps-formidling	Invitere aktuelle grupper til namning og frivillig arbeid med fotosamlingane og andre delar av Digitalt museum digitalt eller fysisk	Forskning og samling
12	Arrangement	1-3 arrangement i året tilgjengeleg som lyd eller video, eigen produksjon eller opptak	Haugesenteret
13	Arrangement	1-3 arrangement i året tilgjengeleg som lyd eller video, eigen produksjon eller opptak	Vinjesenteret
14	Arrangement	1-3 arrangement i året tilgjengeleg som lyd eller video, eigen produksjon eller opptak	Aasentunet
15	Arrangement	1-3 arrangement i året tilgjengeleg som lyd eller video, eigen produksjon eller opptak	Turne og vandrestilling
16	Målgruppe	Informere skular årleg om tilbodet me har på Lurivar.no	Turne og vandrestilling
17	Utvikling	NK følgjer systematisk opp samarbeidet, og vurderer vidareføring av Lesedigg	Turne og vandrestilling
18	Målgruppe	Digitalt materiell for før- og etterarbeid til DKS og relevante vandrestillingar er tilgjengeleg for skulane.	Turne og vandrestilling
19	Målgruppe	Lesedigg inngår som del av digitale tilbod ved DKS-produksjonar og anna for 7-åringane.	Turne og vandrestilling

Tiltak gjennom perioden

Tiltaka er i prioritert rekkefølge, og blir konkretisert og prioritert i den årlege handlingsplanen. Dei første tiltaka blir gjort tidleg i perioden, og dei siste vert gjort ved tid og høve seinare i perioden.

Nr	Tema	Mål/ tiltak	Ansvar
1	Utstillingar	Gjennomgang av det som fungerer og ikkje fungerer i utstillinga i Aasentunet av digitale installasjonar, og oppdatere, endre eller fjerne innhaldet i Aasentunet.	Formidlingsleiar
2	Nettside	Innhald frå allkunne.no, allmenning.no, språkfakta blir sortert etter relevans for målgruppene og fagleg relevans og prioritert for oppdatering og publisering.	Forskning og samling
3	Nettside	Oppdatere og fornye presentasjonen av nynorsk statistikk, historie og språk med vekt på kva 16-åringen lurar på, og samarbeide med ein hovud- og sidemålsklasse om dette.	Kommunikasjon og digital formidling
4	Utstyr	Etablere video- og lydutstyr ved arenaene for å kunne produsere anna innhald.	Kommunikasjon og digital formidling
5	Utstillingar	Vurdere å utvikle ein enklare og billegare utgåve av dialektspelet til utstillinga i Aasentunet.	Kommunikasjon og digital formidling
6	Utstillingar	Få på plass app for formidling til nokre funksjonsnedsette (td. Høyrsele, syn) ved utstillingane.	Formidlingsleiar
7	Lurivar	Innhaldet på Lurivar.no betre tilpassa 7-åringen i samarbeid med andre, med til dømes Nynorsksenteret og LNK	Formidlingsleiar
8	Lurivar	Felles digital-Lurivar-oppleving blir utarbeidd for alle arenaer (i utstillingane)	Formidlingsleiar
9	Sosiale medium	Vurdere og finne relevant kanal og formidlingsform for 16-åringen, og vurdere å finne aktuelle samarbeidspartar for å nå denne.	Kommunikasjon og digital formidling
10	Utstillingar	Erstatte dagens digitale stasjonar med nye digitale verktøy ved fornying av utstilling i Aasentunet. Det bør vere i første steg i fornying.	Arena Aasentunet
11	Utstillingar	Oppdatere Medieskogen ved Vinjesenteret	Arena Vinjesenteret
12	Utstillingar	Erstatte og oppdatere dagens digitale stasjonar med nye digitale verktøy ved fornying av utstilling ved Haugesenteret	Arena Haugesenteret